

## NY BARNEHAGELOV – HØYRING

### Samarbeidsutvalet i Raknes barnehage vil kome med følgjande uttale:

- **Barn sin rett til medverking, jfr. FNs barnekonvensjon.**

Fokus har i mange år vore på regelverk, rammer, personalet og foreldra sine behov. Vi treng ein fokus på barnas rettigheter. Kva ønskje har barn sett frå sitt eige synspunkt, og ikkje frå vaksne sine tolkingar av barn sine ønskje.
- **Opphaldsareal.**

Vi ser med skepsis på at krav om opphaldsareal er føreslått fjerna i den nye lova. Vi har i dag eit minimumkrav til både inne- og uteareal. Det er viktig at ein også her sett barna sitt beste i fokus, uansett om barnehageeigars ansvar no skal klargjerast. Vi ser for oss at dette i kombinasjon med at forholdet tal på pedagogar og tal på barn er føreslått fjerna kan gje oss barnehagar med minimal plass for både motorisk utfolding og leik ute og inne.
- **Fjerning av utdanningskravet.**

Vi har i dag eit minimumskrav om pedagogisk bemanning, elles skal barnehagane ha tilstrekkeleg bemanning. Dei siste åra har ein hatt fokus på kvalitet, noko vi også registrerer i den nye barnehagelova, og det er kjempeviktig. Men vi må ikkje sjå oss blind på kvalitetsomgrepet i seg sjølv, men stille oss spørsmål om kvalitet i høve kven? Det er fokus på barna og kvaliet vi skal ha. Då må vi ha pedagogar som har kjennskap til den aldersgruppa. Vi registrerer også at lese- og skriveopplæring skal ta til i 1.klasse, og det vert strengare krav til innhald i barnehagen. Her er ingen logikk, - vi treng ikkje færre førskulelærarar i barnehagen, men fleire utdanna pedagogar, og ei leiing med førskulekompetanse som sett barna i fokus for all organisasjon- og utviklingsarbeid.
- **Kommuneøkonomi**

I desse stramme kommuneøkonomitider er vi bekymra for at overføring av midlar skal gå inn i rammeinntektssystemet til kommunane. Vi er skeptiske til om staten i framtida kjem til å fullfinansiere den maxpris som er sett. Vi ser allereie i dag at mange barn i Noreg får lide for at kommunane må spare. Når ein veit at barnehagens største utgifter er løn, og tidligare punkt om tal på barn og bemanning er vi verkeleg bekymra for framtidens barn sine vilkår og gode barndom i barnehagen.

Til Midsund kommune  
v. Oppvekstleiar

Midsund 29.11.04

Personale og Samarbeidsutvalsrepresentantar ved Midsund barnehage, er rysta over høring til ny Barnehagelov. Vi ønskjer ikkje at barnehagane skal raserast.

I desse dagar går høyringsfristen ut, og vi meiner vi må rope ut vår uenigheit.

Vi reagerer sterkt på at barna i barnehagen skal få eit dårligare barnehagetilbud, ved at:

- Forskrifta om 14 – 18 barn pr. pedagog skal bli fjerna (med andre ord blir det opning for fleire barn på avdeling)
- Krav om førskolelærer blir fjerna, vi meiner det heller bør aukast.
- Det blir meirarbeid for assistentane.
- Alt som har med kvalitet i barnehagen å gjere, som har vore oppbygd over mange år, blir reve ned med eit pennestrek.
- Arealnorma pr. barn blir endra.

Vi veit at når det ikke lenger ligg krav til barnehagane, men berre ønskjer, vil ønskjene tape i konkurransen med trong økonomi. Vi ønsker minst like gode barnehager i framtida, som vi har i dag. Den nye Rammeplana vil komme med fleire krav, då må også barnehagane vere kompetente til å meistre dette.

**Personale:**

Bente F. Opstad (styrar)  
Hege Rosink (ped. leiar)  
Olav G. Hauvoll  
Reidun Solenes Opstad  
Jenny Irene Opstad  
Hilde Stormyr (ped. leiar)  
Marita Drønnesund  
Tund S. Skogvoll  
Anita Bugge (ped. leiar)  
Monja Iren Olsen

**Samarbeidsutvalet:**

Klin Hogset (fordeledep)  
Dorte K. L. (fordeledep)  
Hilde O. Jensen  
Maydis S. Sanger.  
Sessel B. Flannisen (varrep.)

## Svar på Høyring angående ny barnehagelov.

Samarbeidsutvalget hadde møte 24/11, 2004

Og kommer med følgende uttale:

- Samarbeidsutvalget reagerer sterkt på forslaget om å fjerne kravet til førskulelærerutdanning for styrar og ped. Leiar, medan det i same høyring notat står; *dep. meiner imidlertid at nasjonale hensyn tilsier at bestemmelser om faglig ledelse av barnehagen er nødvendig for å sikre barn likeverdige pedagogisk tilbud.*
- Samarbeidsutvalget reagerer sterkt på at det er foreslått å ta vekk dagens bestemmelser for antall barn pr. førskulelærer og leikeareal for barn. Dette vil sette sektoren mange ti år tilbake i tid.
- Det reageres sterkt på at vi dessverre veit at kommuneøkonomien vil avgjøre om den nye lova styrker forutsetningene for at barnehagen kan gi barna omsorg og et pedagogisk tilbud, som du sier den skal. Mange eiere vil utifrå dårlig økonomi velge å ansette personale utan pedagogisk kompetanse og samtidig ta inn fleire barn i gruppa.
- Barna er en viktig ressurs som ikkje sjølv greier å uttale seg. Derfor må vi stille krava for dei!

Helsing samarbeidsutvalget ved Nord Heggdal barnehage.

Sekretær

*Torunn O. Rakvåg*  
Torunn O. Rakvåg